



Naturvernforbundet
Setesdal

Til Planutvalet i Bygland kommune

Frå: Naturvernforbundet i Setesdal

Sak: Planinitiativ for Urdehei vindkraftverk – merknader til LNFR-status, plankrav og ny rettspraksis

Naturvernforbundet i Setesdal viser til Statkraft Energi AS sitt planinitiativ for områderegulering av Urdehei vindkraftverk, datert januar 2026, og til den komande handsaminga av saka i Planutvalet.

Planinitiativet er det første formelle beslutningspunktet i ein samordna plan- og konsesjonsprosess etter plan- og bygningslova og energilova. Når kommunen på dette tidspunktet skal ta stilling til om planarbeid skal setjast i gang, meiner vi det er avgjerande at avgjerda blir fatta på eit opent og uavklart grunnlag, med medvit om dei rettslege konsekvensane eit positivt vedtak kan få.

LNFR-status og krav til reell planavklaring

Planområdet for Urdehei er i gjeldande kommuneplan sett av til **LNFR-formål (landbruk, natur, friluftsliv og reindrift)**. Vindkraftverk med turbinar, vegar og tekniske anlegg fell utanfor dette formålet, og etablering føreset difor ei aktiv politisk omdisponering gjennom reguleringsplan.

Etter lovendringane som trådde i kraft 1. juli 2023, kan det ikkje givast konsesjon for vindkraft på land utan at arealet først er planavklart etter plan- og bygningslova. Dette inneber at handsaming av planinitiativet i realiteten er første steg i ei mogleg omregulering av LNFR-areal, ikkje berre ei nøytral prosessavgjerd.

Dispensasjon frå plankrav kan ikkje påreknast i LNFR-område

Naturvernforbundet vil særleg vise til den juridiske veiledaren «*Endrede rettslige rammer ved etablering av vindkraft på land*», utarbeidd av Advokatfirmaet Haavind for Fornybar Norge (februar 2024). Veiledaren konkluderer med at:

«Samlet sett innebærer dette at dispensasjon fra arealformål og plankrav til vindkraft på land neppe vil kunne påregnes fremover.»

Haavind presiserer vidare at dispensasjon frå plankrav berre kan vere aktuelt der **overordna arealavklaring allereie ligg føre i annan plan**, til dømes i kommuneplanens arealdel eller regional plan som eksplisitt opnar for vindkraft.

For LNFR-område utan slik overordna avklaring inneber dette at:

- arealbruken ikkje er politisk avklart på førehand,
- reguleringsplanen ikkje berre vil vere ei detaljering, men sjølv arealavklaringa,

- og at dispensasjon ikkje kan nyttast til å innføre ny, konfliktfylt arealbruk.

For Urdehei, der det ikkje ligg føre slik overordna avklaring, inneber dette at **dispensasjon frå plankrav ikkje framstår som eit realistisk alternativ**. Eit positivt vedtak om planinitiativ vil difor i praksis vere ei opning for full omregulering av LNFR-areal.

Statsforvaltaren si nye praksis

Naturvernforbundet vil vidare vise til Statsforvaltaren i Agder si presisering av ny praksis ved handsaming av plan- og dispensasjonssaker. Statsforvaltaren peikar mellom anna på at:

- tiltak som kan påverke biologisk leveområde for villrein, jf. Naturbase, skal vurderast særleg,
- det er **effekten av tiltaket**, ikkje berre arealbeslag eller formell avgrensing, som er avgjerande,
- og at også tidlege planvedtak kan utløyse statleg involvering dersom nasjonale eller vesentlege regionale interesser står på spel.

I lys av dette meiner vi at LNFR-statusen, nærleiken til nasjonalt villreinområde og manglande overordna arealavklaring tilseier særleg varsemd i oppstartfasen.

Behov for styrkt kunnskapsgrunnlag før oppstart

Naturvernforbundet i Setesdal vil på denne bakgrunnen peike på at kommunen har høve til å styrkje sitt eige kunnskapsgrunnlag før det eventuelt blir fatta vedtak om oppstart av planarbeid. Dette kan til dømes gjerast ved at kommunen sjølv:

- vurderer relevant informasjon i Naturbase,
- innhentar faglege avklaringar frå Statsforvaltaren og Miljødirektoratet,
- og vurderer saka i lys av pågåande arbeid med tiltaksplan for villrein.

Ei slik tilnærming vil gi eit meir uavhengig og etterprøvbart grunnlag for avgjerda, redusere risiko for seinare innsigelse og klage, og styrkje kommunen si rolle som ansvarleg planmyndigheit.

Med helsing

Naturvernforbundet i Setesdal ved

Hanne Straume, styremedlem

Karin Bøe, leiar